

Referat frå Soknemøtet 7. april 2019 kl. 12.30 – 14.15

Møtet vert held etter gudstenesten i fitjar kyrkje.

Kyrkjeverje Harald Rydland opna årsmøtet.

Møtleiar, skrivar og to personar for underskrift av referatet vart valde:

- Møtleiar: Sigrid M. Fangel
- Skrivar: Bodil Nesse
- Underskrift: Bjarne Kvernenes
- Underskrift: Anne Marie Røed

Sak 1 Årsmelding for Fitjar sokn året 2018

Møtleiar Sigrid M. Fangel som også er soknerådleiar takka både kyrkjelyden, stab, friviljuge, presten(ane). Gud som bærer oss og Den Heilage Ande som styrkjer oss.

Derefter leia ho oss gjennom årsmeldinga kapittel for kapittel.

Det var nokre opplysningar i tillegg til årsmeldinga og kommentarar til nokre av kapitla, til dømes tredje kapittel om soknrådet sitt arbeid, femte kapittel om anna arbeid,

Årsmeldinga vart teken til etterretning med følgjande merknader:

- Ynskjer sakliste og referat frå soknerådsmøte tidlegare utlagd på nett dersom mogeleg.
- Ynskjer informasjon i kyrkjebladet om kva som skjer i soknerådet.
- Ynskjer meir samarbeid med Indremisjonen angående anna type musikk enn orgel i kyrkja ved nokre gudstenester, til dømes musikkband med andre instrument som ungdomane likar å delta i. Dette vil sokneråd og organist jobba vidare med for å finna ei god løysing.
- Ynskjer ein koordinator frå kyrkja og meir kompetanse i arbeidet med ungdommane i Ten-treff på Bedehuset.

Sak 2 Open post

Kyrkjeklokkane v/ Nils Vesbøstad

Han ynskjer betre lyd på kyrkjeklokkene inne i kyrkja. Organisten forklarte kvifor ein ikkje hadde klart å få betre lyd hittil endå ein hadde arbeid med saka. Det kom eit benkeforslag om at ein opna luka og dørene under ringinga, men då vert det eit problem med trekk og nedkjøling av lokalet.

Han oppmuntra også eldre om å verta besøksvenn i barnehagen.

Sak 3 Bunde fond til kyrkjelydprest

Møteleiar Sigrid M. Fangel gav eit historisk tilbakeblikk frå 1990 angående fondet for kyrkjelydprest.

Kommentar frå Anne Marie Røed om at målet med innsamling av pengar til fondet var først og fremst for å dekkja kyrkjelyden sitt behov, då der er mange skjulte behov.

Soknerådet ynskjer svar på følgjande spørsmål:

Kan soknerådet få lov å omdisponera desse pengane til barnarbeid, ungdomsarbeid, diakoni og friviljuge tenester?

Fleire i kyrkjelyden meinte at soknerådet må laga ein plan for korleis dei vil bruka pengane, og ingen gav uttrykk for motforestillingar.

Nokon meinte at planen må opp i eit nytt soknemøte med uttalerett om bruken av pengane, mens andre meinte at soknerådet er vald av kyrkjelyden til å ta ansvar for pengane og at dei bør finna ut kor pengane vil gjera mest nytte. Uansett er pengar som er låst fast til inga nytte.

Det vart spurt om kor mykje staten betaler for trusopplærar?

Svaret er 40 %, difor må kyrkjelyden vera med å betala dei resterande 40% av ei 80 % stilling for trusopplæringspedagog.

Takk for møtet og engasjementet!

Fitjar 07.04.2019

Bodil Nesse

referent

Bjarne Kvernenes

Anne Marie Røed

